

Julebukkane syng og har ei fin framferd.



Dei fyrste julebukkane dukka opp alt i 17 tida i Korsneset.

Julebukktradisjonen held seg godt. Det er om lag like mange julebukkar på dørene i år som i fjor. Korsneset er truleg plassen som toppar lista. Mellom 40 og 50 utkledde born med og utan masker bankar på døra, syng og fortel at dei kjem frå øvst i Uskedalen. Med ei fin framferd er dei reserverte og ventar på ei lita gåve i sekken. I Beinavikjo er talet langt lågare, men det er alltid like gildt å få slike gjester på døra.

Lenge var det slik at julebukkane ikkje gjorde seg til kjenne. Med maske og nissekle var julebukkane ukjennelege. Dette har endra seg. No står dei fleste fram sminka og med sitt eige andlet.



Mest alle gruppene syng, men seier elles lite.



Det er mindre av det at ein brukar masker og det med bakgrunn i politikk og kjende statspersonar.



Tre julebukkar kledde og sminka slik det høver seg vinterstid i Uskedalen.

Tekst/ nett: Kristian Bringedal
Foto: Thor Inge Døssland/ Kristian Bringedal



Desse julebukkane kom inn i stova og ville helsa på Husnissen i Beinavikjo.